


# Tips for bruk av Naturbase PC-versjon

Miljødirektoratet, 12. februar 2025

## Oversikt



Kartet (1) på [Naturbase.no](#) er veldig stor plass i Naturbase.

Løysinga blir opna med gråtonekart, sidan dette framhevar kartdata betre enn andre bakgrunnskart gjer.

Tilgjengelege kartlag finn du i kartlagmenyen i venstre panel (2).

Dette panelet blir også opna når du vil bruke verktøy som finst i løysinga. Ved hjelp av dei tre knappane øvst til høgre i panelet kan du frikople heile panelet frå kartet, fjerne det eller endre storleiken på det.

Verktøymenyen (3) viser ulike verktøy og funksjonalitetar du kan bruke.

Menyen er inndelt i faner.

Snarsøket (4) gir treff på adresser og stader.

Snarsøket gir også treff på områdenamn m.m. i kartlag som du har aktivert. Du må altså slå på kartlaget for å kunne få treff frå det.

Til høgre i kartet (5) finn du mellom anna knappar for å sjå teiknforklaring og endre bakgrunnskart.

Du kan manøvrere kartet inn og ut ved hjelp av brytarane i (6).

Her ser du også målestokken.

## Kartlagsmenyen



Kartlaga er grupperte i tematiske hovudgrupper. Du må aktivere både hovudgruppe og kartlag for å kunne sjå data i kartet. Hakene til høgre for titlane signaliserer at det ligg meir under.

Teiknforklaringa finn du i ei eiga fane ved sida av kartlaga. Du kan også slå på teiknforklaring frå eitt av verktøya til høgre i kartet (5).


Kartlagsmenyen er redigert slik at du får fram data i kartet når du aktiverer eit tema under ei av hovudgruppene. Temaet du aktiverer, kan likevel innehalde fleire kartlag enn det som blir slått på automatisk. Dette ser du ved at det finst ei hake til høgre for temaet.

**Som biletene under viser, kan alle naturvernområde visast på to ulike måtar:**

1. Standard er "Naturvernområder alle".
2. For å få fram alternativet, må du utvide temaet og finne "Naturvernområder etter verneform".



Dei tre prikkane til høgre opnar ein meny.



I menyen bak dei tre prikkane kan du stille inn gjennomsiktigheita til kartlaget, og du kan finne meir informasjon om kartlaget. Ved hjelp av "Konfigurer kartlag" kan du endre korleis kartlaget blir teikna i kartet. Dette verkar berre i den sesjonen du arbeider med.

Produktarket er ei kortfatta beskriving av kva datasettet inneholder og korleis det er komme fram. Etatane som leverer geodata legg stor vekt på å forklare sine data best mogleg gjennom produktarka. Vi tilrår desse som ei god kjelde til informasjon.

A screenshot of a software interface titled 'Kartlagsliste' (Map Layer List). At the top, there is a search bar containing the text 'laks' and a close button ('X'). Below the search bar is a toolbar with icons for zooming in and out, and a refresh symbol. The main list contains five entries: 'ARTER OG ARTSFORVALTNING' (with a dropdown arrow), 'Anadrome laksefisk' (with a dropdown arrow), 'Vandringshinder laks' (with a three-dot menu icon), 'Bestand laks' (with a three-dot menu icon), and 'Nasjonale laksefjorder' (with a three-dot menu icon).

Ein kjapp måte å sjekke om kartet inneholder eit kartlag du ønskjer å sjå på, er å bruke filterfeltet over kartlaga. Skriv i feltet, og du får treff frå kartlagsmenyen.

## Finn informasjon om data i kartet

For dei fleste kartlaga får du treff viss du søker etter data. Treff du fleire objekt, vil du sjå tal øvst i visninga. Du kan bla mellom desse og sjå på dei ulike treffa.

☆ Naturvernområder alle

Områdenavn: Bymarka  
Verneform: naturreservat  
NaturvernID: VV00001462  
Vernedato: 2.9.2005  
Verneplan: Skogvern  
Forvaltningsmyndighet: Statsforvalteren i Trøndelag

Offisielt navn: Bymarka naturreservat  
[Faktaark](#) [Verneforskrift](#)

Kartlaga kan ha mykje informasjon knytt til objekta. For å forenkle visninga, er det gjort eit utval per kartlag. I faktaarka finn du all informasjon som ligg på eit objekt.

I visninga for eit objekt finst nokre verktøy du kan bruke. Frå venstre mot høgre:

- Zoom til objekt
- Uthev objektet mellombels
- Fjern objektet frå søkeresultatet
- Eksportar til shapefil (kartdata)
- Eksportar til Excel-fil (rekneark)

Du fjerner resultatet ved å klikke på X, opp til høgre.

## Søk og behandling av søkeresultat

I Naturbase kan du søkje på fleire måtar. Snarsøk og klick på objekt i kartet er nemnt. Fleire moglegheiter er omtalte nedanfor, under dei ulike verktøyfanane.

Identifiser resultater (143)

> Avgrens

☆  Utloppspunkt (2)	:
☆  Naturvernområder etter verneform (4)	:
☆  Naturtyper - verdsatte, alle (135)	:
☆  Anadrom strekning, område (2)	:

Eit søk vil ofte gi fleire treff, og også treff i fleire kartlag som du har slått på. Treffa er grupperte på dei kartlaga som er slått på. Dei tre prikkane til høgre er ein snarveg til verktøya som er nemnde ovanfor. Du kan til dømes eksportere heile søkeresultatet til excelformat.

Du kan opne eitt av kartlaga og sjå kvart enkelt treff under dette. Treffa blir lista opp, og du får litt informasjon om kvart område. Ofte vil dette vere eit namn, kombinert med lenkje til faktaark. Ver merksam på at karttenester som regel har ei grense for kor mange treff dei kan returnere. Er trefftalet eit mistenkeleg rundt tal, til dømes (2000), kan det indikere at grensa er nådd.

Naturvernområder etter verneform (4)

- > Avgrens
- Naturvernområder etter verneform  
Offisielt navn: Gaulosen naturreservat  
[Faktaark](#) [Verneforskrift](#)
- Naturvernområder etter verneform  
Offisielt navn: Gaulosen marine verneområde  
[Faktaark](#) [Verneforskrift](#)
- Naturvernområder etter verneform  
Offisielt navn: Lauglolia naturreservat  
[Faktaark](#) [Verneforskrift](#)
- Naturvernområder etter verneform  
Offisielt navn: Apoteket naturreservat  
[Faktaark](#) [Verneforskrift](#)

Du kjem tilbake til søkeresultatet ved å klikke på venstrepila opp til venstre. Du kan velje bort område i søkeresultatet ved hjelp av "Avgrens".

## Verktøyfana "Finn frem i kart"

<a href="#">Finn frem i kart</a>	<a href="#">Søk og filter</a>	<a href="#">Tegne og måle</a>	<a href="#">Mitt innhold</a>	<a href="#">Analyse</a>						
<a href="#">Kartlagsliste</a>	<a href="#">Info</a>	<a href="#">Identifiser</a>	<a href="#">Bytt resultatvisning</a>	<a href="#">Zoom til første visningspunkt</a>	<a href="#">Zoom til forrige kartvisning</a>	<a href="#">Zoom til neste kartvisning</a>	<a href="#">Velge fylke/kommune</a>	<a href="#">Del</a>	<a href="#">Historiske bilder</a>	<a href="#">Eksport</a>

Kartlagsliste	Får fram kartlagslisten. Har du minimert venstrepanelet, får du det opp att ved å bruke denne knappen.
Info	Gir informasjon om Naturbase og bruken av løysinga.
Identifiser	Gir høve til å dra eit rektangel i kartet og finne objekt i kartlag (geografisk søk).
Bytt resultatvisning	Søkeresultat kjem som standard i venstrepanelet. Med denne knappen kan du bytte til ein tabell, som legg seg under kartet. Dette er praktisk om du til dømes har mange treff i eit kartlag og vil bla kjapt gjennom dei.
Zoom til første visningspunkt	Får kartet tilbake til storleiken ved oppstart.
Zoom til forrige kartvisning	Får kartet tilbake til førre kartbilete.
Zoom til neste kartvisning	Får kartet tilbake til der du kom frå.
Velge fylke/kommune	Gir høve til å velje fylke eller kommune og kome kjapt til heile utstrekninga. Start med å skrive, og klikk i det forslaget du vil bruke.
Del	Får opp ei delingslenke til kartet, med den utstrekninga du har og dei kartlaga du har slått på. Du kan velje mellom ei vanleg lenke eller ei lenke som du kan bruke til å legge kartet inn i ei nettside (iFrame).
Historiske bilder	Aktiverer ei tenesta som du kan bruke for å sjå alle flyfoto som finst for eit område. Denne tenesta bør du helst bruke for avgrensa areal. Prøver du med store areal, vil tenesta svare treigt, og kanskje ikkje i det heile.
Eksport	Gir høve til å eksportere kartbildet på skjermen til ulike format. Kryss av for georeferering om du ønskjer det.

## Verktøyfana "Søk og filter"

Finn frem i kart	Søk og filter	Tegne og måle	Mitt innhold	Analyse
 Identifiser (avansert)	 Bytt resultatvisning	 Temasøk i en kommune	 Temasøk i et fylke	 Geografisk rapport
 Fjern geografisk rapport/temasøk	 Filter for kartlag	 Søk i databasetabeller		
Identifiser (avansert)	Gir fleire verktøy for å gjøre geografiske søk i kartet. Du kan mellom anna teikne ein søkjefigur og setje på ein buffer.			
Bytt resultatvisning	Søkjeresultat kjem som ei liste i venstrepanelet. Med denne knappen kan du bytte til ein tabell, som legg seg under kartet. Dette er praktisk om du har mange treff i eit kartlag og vil bla kjapt gjennom dei.			
Temasøk i en kommune	Med denne knappen kan du setje i gang ein arbeidsflyt som gir deg alle data for ein kommune for dei datasetta du vil sjå på.			
Temasøk i et fylke	Med denne knappen kan du setje i gang ein arbeidsflyt som gir deg alle data for eit fylke for dei datasetta du vil sjå på. Talet på datasett er avgrensa fordi mange datasett vil gi for mange treff.			
Geografisk rapport	Med Geografisk rapport kan du teikne ei flate i kartet eller importere ei zippa shapefil og bruke som søkjefigur. Du kan velje mellom fleire datasett frå Miljødirektoratet. Når du kører søket, vil kartet gi treff i venstrepanelet. I tillegg vil datasetta du har valt slå seg på, men avgrensa til objekt som treff søkjefiguren.			
Fjern geografisk rapport/temasøk	Bruk denne knappen til å stille kartet tilbake etter at du har gjort eit av temasøka eller brukt Geografisk rapport. Trefflista blir borte, og kartlaga slår seg av.			
Filter for kartlag	Filter gjer at du kan styre korleis eit kartlag vil visast i kartet. Filtreringa skjer ved hjelp av eigenskapar, og du må ha ein viss oversikt over eigenskapane i eit datasett for å kunne nytte denne funksjonaliteten godt. Du kan setje filter på fleire kartlag uavhengig av kvarandre.			
Søk i databasetabeller	Med databasesøk kan du få ut alle objekt i eit kartlag som oppfyller dei vilkåra du set. Tilsvarande som for filter vil dette krevje at du har ein viss oversikt over eigenskapane i datasettet. Arbeidsflyten for filter og databasesøk er særslig, men resultatet blir ulikt.			


## Verktøyfana "Tegne og måle"

Finn frem i kart	Søk og filter	Tegne og måle	Mitt innhold	Analyse
 Mål	 Finn koordinater i kartet	 Tegn	 Eksporter markering til Shapefil.	

Mål	"Mål" opnar funksjonalitet for å gjøre målingar i kartet. Du kan måle lengde og areal, og du kan bruke metriske eller amerikanske måleeiningar. Figuren du teiknar, kan du redigere ved hjelp av "Rediger tegning" i menyen under "Tegn". Tala frå målinga blir da borte, men dei kjem att om du slår på redigering ein gang til.
Finn koordinater i kart	Du kan skrive inn ein koordinat og få han vist i kartet. For å fjerne koordinatar, bruk teiknefunksjonaliteten og "Tøm tegninger".


Tegn	Ved hjelp av "Tegn" kan du teikne punkt, linje og polygon, og du kan stilsetje dei ved hjelp av førehandsinnstillingar eller individuelt ved hjelp av "Rediger tegning". Du kan også leggje til ein tekst i eit punkt, såkalla plasseringsmerknad. Du kan slå på snapping, som gjer at du kan bruke objekt i kartet til å teikne mot. Enkle teikningar vil du få til med ein gang, medan du må rekne med å plundre litt med dei meir avanserte funksjonane. Knappen "Tøm tegninger" sletter all grafikken du har lagd. Vil du slette nokre teikningar og ta vare på andre, bruker du knappen "Rediger tegning" og sletter teikningar ei for ei.
Eksporter markering til shapefil	Denne knappen startar eksport av grafikken din til shapeformat. Dette kan du til dømes bruke til å ta vare på søkjefigurar du vil bruke oppatt, i dette kartet eller i andre samanhengar.

## Verktøyfana "Mitt innhold"



Åpne prosjekt og Lagre prosjekt	Du kan lagre, og seinare opne, kartet med ei bestemt utstrekning, med bestemte kartlag aktiverte, og med den grafikken og dei tekstane du har lagd i kartet. Prosjektet blir lagra som ei .json-fil i nedlastingsmappa på PCen. Når du vil opne eit prosjekt, blar du deg gjennom filene og opnar det prosjektet du vil jobbe med. Sidan prosjektet er lagra som ei fil, kan du sende denne fila til andre, slik at dei kan opne det same prosjektet. Merk at fila må opnast frå Naturbase. Ho kan ikkje opnast direkte frå filutforskaren.
Legg til lag fra AGOL	Med denne knappen kan du leggje til kartlag frå organisasjonen din, eller du kan hente kartlag som er publiserte offentleg gjennom ArcGIS Online. Bruk Filter-knappen til å definere nærmere kvar du vil sjå etter kartlag.
Legg til lag fra fil	Du kan leggje til kartlag frå ei fil. Format som er støtta er CSV, Excel og shape (zippet eller i ei mappe). Har du til dømes ei Excelfil med lokalitetar, og du har lagt inn koordinatane og annan informasjon, kan du få desse ut i kartet. Det vil vere naturleg å lagre resultatet som eit prosjekt, slik at du enkelt kan finne det att.

## Verktøyfana "Analyse"



Fana "Analyse" inneheld per dato éin funksjonalitet. Dette er ein arbeidsflyt som gjer deg i stand til å undersøkje om eit naturinngrep vil endre status for inngrepssfri natur i Noreg.

# Vanlege feilmeldingar

## Karttenesta svarer ikkje



Følgende objektkilder møtte på feil og kan ikke vises: Naturvernområder etter verneform



Når du gjer eit søk, spør du mot serveren som karttenesta er sett opp på. Feilmeldinga fortel at karttenesta ikkje svarer, og dette kan ha fleire årsaker.

Ei vanleg årsak er at serveren bruker for lang tid på å returnere treffene dine. For karttenester er det sett ei avgrensing i kor lang tid serveren skal bruke på å gje svar på eit søk. Denne avgrensinga er sett for å unngå så stor trafikk at tenesta går ned. Løysinga i dette tilfellet er å innskrenke området du søker mot, til dømes halve Noreg i staden for heile Noreg.

Når feilmeldinga kjem, sjølv om du veit at talet på treff ikkje er stort, er det andre årsaker. Dette kan vere kortvarige problem, så prøv igjen om ei stund.

## Kartlag lastar ikkje

### Laginitialisering feilet



Følgende lag fra kartet 'Kart' kunne ikke lastes og vil ikke vises:

- EIENDOMSINFORMASJON

OK

Karttenester kan vere ute av drift i kortare eller lengre tidsrom. Om dette skjer, vil denne feilmeldinga vise kva for kartlag som ikkje blir lasta inn i kartet. Som regel vil tenesteeigaren få fiksa dette i løpet av kort tid. Du kan også få denne meldinga, sjølv om alt er i orden, så prøv gjerne ein gang til. Om meldinga dukkar opp på nytt, må du vente og prøve om att. Har du ikkje bruk for kartlag som ikkje blir lasta inn, treng du ikkje bry deg om dette.

## Innlogging

Dersom du har ein konto i ArcGIS Online (AGOL), kan du logge inn i kartet. I tillegg til innhald som er publisert offentleg, vil du få tilgang til innhald frå organisasjonen din.